




VERDSARV

Geirangerfjorden

ÅRSMELDING  
OG  
REKNESKAP

2015



*– vår fjordarv vår framtid*



Avduking av verdsarvplakett på Storsæterfossen i Geiranger 14. juli 2015, på ti-års dagen for verdsarvstatusen vår. Ordførar Jan Ove Tryggestad og geitekjeet Lykle.

**Bilete på framsida: Høgdepunktet i 2015:**

Besøk frå UNESCO Marine programme og Glacier Bay i Alaska.

Frå venstre: styreleiar Willy Loftheim, Fanny Douvere (coordinator Marine Programme), Scott Gende (Senior Acience Advisor Glacier Bay National Park), Katrin Blomvik (SGV), Philip Hooge (Superintendent, Glacier Bay National Park).

## Innhald

<b>1 Stifting</b>	<b>4</b>
1.1. Styret si samansetting	4
1.2. Fagrådet	4
1.3. Verksemda sitt føremål	4
1.4. Verksemda si plassering	4
1.5 Dagleg leing	4
1.6 Revisor og rekneskap	4
<b>2 Finansiering</b>	<b>6</b>
2.1. Møre og Romsdal fylkeskommune	6
2.2. Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet (KLD)	6
2.3. Fylkesmannen i M&R / SNO / verneområdestyret	7
2.4. Riksantikvaren / fylkeskonservator	7
2.5. Gåvemidlar	7
2.6 Andre bidragsytarar	7
<b>3 Autorisert verdsarvsenter og 10 år med verdsarven</b>	<b>9</b>
3.1. Formidlingsoppgåve	9
3.2. Gründercamp	16
3.3. Skilting og merking	16
3.4. FoU	16
3.5. Restaurering	17
3.6. Naturvenleg tilrettelegging	17
3.7 Samarbeid med Storfjordens Venner	19
3.8 Diverse oppåver	20
3.9. Grøn fjord 2020	21
<b>4 Drift / administrasjon</b>	<b>28</b>
<b>5 Andre oppgåver</b>	<b>31</b>
<b>6 Vidare drift og disponering av resultat</b>	<b>31</b>
<b>7 Rekneskap</b>	<b>31</b>





# Styret si årsmelding

## 1 Stifting

Stiftinga med namnet Geirangerfjorden Verdsarv vart oppretta på stiftingsmøte den 30. mars 2009 av stiftarane; Norddal kommune, Stranda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

### 1.1. Styret si samansetting

Styret hadde i 2015 følgjande samansetting, i tråd med vedtektenes § 4 - 1:

Styret	Namn	Representerer
Styreleiar	Willy J. Loftheim	M&R fylkeskommune
Nestleiar	Jan Ove Tryggestad	Stranda kommune
Styremedlem	Bjørn Inge Ruset Arne Sandnes f.o.m. des. 2015	Norddal kommune
Styremedlem	Kristin Krohn Devold	Felles vald representant frå stiftarane
Styremedlem	Siv Aksdal	Fagrådet

Styret har gjennomført 3 styremøte i 2015 og behandla 30 saker.

Styret bidreg til bevaring og styrking av fellesskapet og engasjementet i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, gjennom at styreleiar, nestleiar og eit styremedlem har fast representasjon i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Verdsarvrådet gjennomførte 3 møter i 2015. Nestleiar Jan Ove Tryggestad er nyvald nestleiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap i perioden 2016-17.

### 1.2. Fagrådet

Fagrådet er stiftinga sitt konsultative råd i faglege spørsmål. Fagrådet vert samansett av offentlege og private institusjonar innan fagfelte naturforvaltning, kulturminneforvaltning, forskingsinstitusjonar og andre relevante kompetansmiljø.

Fagrådet vart samla 18.03.2015 til eit møte der nytt styremedlem og varamedlem vart utnemnt for ei ny 4 års periode i stiftingsstyret. Nytt styremedlem: Siv Aksdal, kulturavdelinga M&R fylkeskommune, nytt varamedlem: Gro Anita Bårdseth, Storfjordens Venner.

### 1.3. Verksemda sitt føremål

Stiftinga sitt ideelle føremål er;

- å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap.
- å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet,
- å representere ein arena for vitenskapeleg forskning på området, samt vere premissleverandør overfor myndigheiter, i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen, samt anna som elles står i naturleg samanheng med dette.

### 1.4. Verksemda si plassering

Stiftinga sitt forretningskontor er i Norsk Fjordsenter AS sine lokale i Geiranger i Stranda kommune.

I 2015 flytta vi inn i det nye kontorbygget. Det nye tilbygget rommar 14 nye kontor, 1 arkiv, 1 verkstad, 1 lab, personalkjøkken, flotte møteromsfasilitetar og eit kopi/rekvisita rom. Av dei 14 kontora så var 12 av desse i drift/på framleige i 2015. Følgjande bedrifter delte eit kontorfellesskap ved Norsk Fjordsenter: Statens Naturoppsyn, Verneområdeforvaltninga, Geiranger Skysslag, eMobility Geiranger AS, Norsk Fjordsenter AS, Westad Storkjøkken, Møreforskning og verdsarvstiftinga.

### 1.5. Dagleg leingi

Katrin Blomvik er direktør i Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv. Direktør hadde òg sekretariatet for Geirangerfjorden i Vestnorsk fjordlandskap i 2015.

### 1.6. Revisor og rekneskap

Stiftinga sin revisor er statsautorisert revisor Jens Arne Hagen, Stranda. Rekneskapsfører er Økonsult as, Stranda.



Fosseløpet 2015 i Geiranger.

*– vår fjordarv vår framtid*



**VERDSARV**  
Geirangerfjorden





Frå tur til Innsetetra og Daurmålsfjellet under besøket av Unesco og Glacier Bay.

## 2 Finansiering

### 2.1. Møre og Romsdal fylkeskommune

Geirangerfjorden Verdsarv mottok eit fast årleg driftstilskot på 1,575 millionar kroner frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Inntektsført driftstilskot for 2015 gjekk i si heilheit til delfinansiering av lønn til tilsette og faste driftskostnader som husleige m.m. I tillegg mottok vi kr. 100.000 i støtte til Grøn fjord Konferansen 2016.

### 2.2. Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet (KLD)

Stiftinga mottok ei fast overføring frå Miljødirektoratet knytt til ein sekretariatsfunksjon for Vestnorsk fjordlandskap.

I tillegg søkjer stiftinga årleg på midlar frå direktoratet til tiltak og prosjekt i tråd med forvaltningsplanen for verdsarvområdet. I 2015 mottok Geirangerfjorden Verdsarv samla kr. 2.170.000 i tilskot frå Miljødirektoratet. Kr. 1.000.000 av ramma vart nytta til sekretariatet og Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, samt stiftingsstyret sine aktivitetar for 2015.

Tiltaksmidlane er øyremerkte midlar til formidlings-, utstillings-, utvikling-, bevarings- og tilretteleggingsføremål for verdsarvområdet med omland.

Sum tilskot inntektsført i 2015 frå direktoratet er kr. 2.398.000. Alle midlane tildelt 2015 er løyst opp i tråd med drift av sekretariat/verdsarvrådet og framdrift på prosjekta. Tiltaksmidlane er nytta i tråd med omsøkt prosjekt og satsingar i 2015 (sjå nærare info i kap 3).

Sum utsett inntektsføring av tilskott frå direktoratet er på kr. 170.000 per 31.12.2015. Dette er knytt til prosjektet born & unge/ Fjordheimen, samt restmidlar for prosjektet «Den naturlege skulesekken» (kr. 70.000), begge prosjekta vert omtalt i kapittel 3. Desse prosjekta vert realisert våren 2016.

Stiftinga har tidlegare motteke midlar både frå Miljødirektoratet og KLD til etablering av forvaltningsknutepunkt for verdsarvområdet, utvikling av eit verdsarvsenter og utbygginga av Norsk Fjordsenter i Geiranger. Utbyggingsprosjektet vart prosjektert og gjennomført av vårt eigedomsselskap Norsk Fjordsenter AS og vil bli rapportert frå dette selskapet.

Tidlegare løyvingar frå Miljødirektoratet:

2012: kr. 1.800.000

2013: kr. 600.000

Frå KLD:

2013: kr. 3.000.000

2014: kr. 4.000.000, av desse kr. 1.700.000 avsett fast bygning og utbygging.

Nytt bygg vart fullført i mai/juni 2015 og hadde ei samla investeringsramme på om lag 25 millionar kroner.

Stiftinga hadde avsett kr. 2.300.000 frå KLD bevilginga (2014) til fornying og utbygging av nye utstillingar i samband med autorisasjonsordninga til eit verdsarvsenter. Stiftinga starta opp dette arbeidet vinteren 2015, med ei arbeidspause over turistsesongen og med ei fullføring vinter/vår 2016. Heile bevilginga er no disponert til dette føremål..

2015 vart Norsk Fjordsenter i Geiranger autorisert som nasjonalt verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap. I samband med denne autorisasjonsordninga mottok vi følgjande tilskot frå KLD:  
Driftstilskot: kr. 1.200.000  
Prosjekttilskot formidling/ «Fjord Guardians»: kr. 350.000  
Heile tilskotsramma for 2015 er løyst opp i tråd med drifta



Frå opninga av ladeparken ved Norsk Fjordsenter. Generalsekretær Christina Bu i Norsk elbilforening helsar.

av verdsarvsenteret og framdrift på prosjekt. Les nærare om prosjekta i kapittel 3.

### 2.3. Fylkesmannen i M&R / SNO / verneområdestyret

Stiftinga mottok ingen tilskot frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal / verneområdestyret i 2015.

Sum inntektsført tilskott frå fylkesmannen/ verneområdestyret per 31.12.2015 er kr. 215.304 frå tidlegare år. Dette er oppdrag utført av verneområdestyret etter vedtak og er knytt til restaurering av råsa til naturreservatet Kallskaret og uttak av gran i verneområdet. Ingen tilskot til gode hjå verdsarvstiftinga frå Fylkesmannen/ SNO/ verneområdestyret per 31.12.2015.

### 2.4. Riksantikvaren / fylkeskonservator

I 2015 vart arbeidet med restaurering av stabburet på klyngetynet Møll i Geiranger fullført. Arbeidet vart utført av Næmingane på Husasnotra. Løyvde midlar til fullføring av prosjektet i 2015 var kr. 260.000.

Sum tilskot tilskot til gode er kr. 1.142.257 per 31.12.2015 og er knytt til restaureringsprosjektet Ljøkaia.

### 2.5. Gåvemidlar

Stiftinga mottok nytt tilsegn på gåvemidlar på kr. 586.643 frå Gjensidigefondet i 2015. Midlane vert nytta til suppleringar til vårt skiltingsarbeid for turstiar. Midlane er eit supplement til midlar frå Miljødirektoratet og vil styrke skiltingsarbeidet til verdsarvstiftinga betydeleg også i 2015/16. Sum rekneskapsført tilskot for 2015 er kr. 183.643 og tilskot til gode kr. 500.000 til iverksetting i 2016.

Stiftinga har tidlegare år motteke sponsorstøtte til utviklinga av barneformidlingskonseptet Fjordheimen. Tilskot til gode er kr. 100.000 per 31.12.2015.

### 2.6 Andre bidragsytarar

Stiftinga har i ei 3 års periode motteke kr. 3.375.000 til Grøn fjord 2020 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si satsing på regionale parkar. Sum tilskot inntektsført frå bevilgingane frå KMD er kr. 916.528 for 2015. Tilskot til gode er kr. 550.000 til gjennomføring i 2016 i tråd med framdrift på prosjektet. Stiftinga har motteke forlenging av rapporteringsfristen til den 1. desember 2016.





Figurane frå "Fjordheimen" klare til opptreden under Hellesyltdagane.



### 3 Autorisert verdsarvsenter og 10 år med verdsarven

2015 er året då ein ny milepæl er nådd i samband med verdsarvarbeidet. Norsk Fjordsenter vert autorisert som eit nasjonalt viktig verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap, som eit av 3 slike sentre i Noreg. Verdsarvsentra er ein ny senterkategori i Noreg, med oppfølgingsansvar frå KLD og Miljødirektoratet. Den store utbygginga av kontorlandskapet som huser forvaltningsknutepunktet for verdsarvområdet, samt renoveringa av eksisterande bygg vart fullført våren 2015, og oppstart av ombygging og utvikling av nye faglege utstillingar starta for fullt hausten og vinteren 2015/16. Ei 2 års periode med utbyggingar og fornyingar går mot slutten våren 2016.

#### 3.1. Formidlingsoppgåve

Av aktivitet og arbeid knytt til formidling/ kompetansebygging og liknande har følgjande vore gjennomført i meldingssåret:

#### Jubileumsår: 10 år med verdsarven Vestnorsk fjordlandskap

Fyrst og fremst er dette eit år som har vore prega av at vi har markert ti år på Unesco si verdsarvliste som representantar for Vestnorsk fjordlandskap. Jubileumsåret har vore markert frå januar til desember med ei rekkje arrangement og tiltak – både i eigen regi og i regi av andre, eller i samarbeid med andre. Ved inngangen til jubileumsåret laga vi ein eigen verdsarvkalendar der alle arrangementa våre vart lagt inn, saman med ein del andre tiltak og tilstellingar i området.

#### Friluftslivets år

Som eit fantastisk samantreff fall «Friluftslivets år» saman med jubileumsåret vårt. Dette vart i stor grad utnytta, og ved fleire arrangement markerte vi begge deler. Det var ei gullande god «jubileumsgåve» å få nett eit slikt år, når området vårt står på verdsarvlista med grunnlag i naturarven, og når så store delar av verdigrunnet vårt òg er viktige verdiar for friluftsfolket!

#### Avduking av verdsarvplakettar

I jubileumsåret avduka vi tre plakettar i tre ulike årstider, og med ulike typar arrangement. Fyrste avduking var på **Ørnesvingen**, i mykje snø 11. januar. Tre lokale ungdommar fekk gleder av å avduke plaketten, og dei fortalde litt om kva dei tenkte om verdsarven og sa m.a. at ivaretaking av området var viktig for dei. Dei tre var Kristine Lovise Hole frå Geiranger, Jenny Nystad frå Norddal og Martinus Rønneberg frå Eidsdal. Gaute Gneis var sjølvsagt òg tilstades. Plaketten var dekt med snøballar, og ungdommane kasta desse ut til tilhøyrarane med bestemte utfordringar



Barnehagane på Stranda og Sunnlyven får helse på Gaute Gneis når dei besøker oss.

i det nye året. Heilt til slutt var det rattkjelkerace ned til Grande – til stor fryd for både små og store!

På sjølve jubileumsdagen vår, 14. juli, avduka vi plakett på **Storsæterfossen**. Plaketten vart avduka av dagleg leiar i Ålesund-Sunnmøre Turistforeining, Linda Flem. Ordførar Jan Ove Tryggestad var programleiar og Inge Gjerde, tidlegare ordførar i Stranda og ein av dei som tok del i arbeidet med å få området på verdsarvlista, kom med ei helsing der han fortalde om denne prosessen. Felejentene frå Eidsdal og Norddal var utkledder som huldrejenter, og i lett duskregn og litt skodde skapte dei ei trolsk stemning. Til slutt dukka også Lykle opp.

Den siste plakettavdukinga la vi til august og besøksveka med vitjing frå UNESCO og verdsarvområdet Glacier Bay. Plaketten valde vi å plassere i Fossevandringa, tett på storelva, og med godt utsyn over Geirangerfjorden og fjordlandskapet. Plaketten vart avduka av Fanny Douvere, frå UNESCO. Avdukinga var ein del av eit enkelt kulturprogram



Barnehageborna studerer bergartane som finst i verdsarvområdet.



Klar til start i Fosseløpet 2015.

ved Norsk Fjordsenter der ordførarane frå både Stranda og Norddal òg hadde sentrale roller. Ola Elvestuen, leiar av Energi og miljøkomiteen på Stortinget kom med ei helsing, og NTNU signerte kontrakt som Grøn fjord partner.

Barnehagane i Geiranger, Norddal og Sunnlyven fekk overrekt Gaute Geit ponchoar, og det var musikalske innslag ved Trond Otto Berg (lur) og ei messingblåsegruppe frå korpset i Eidsdal. Elles meir uhøgtidleg program med natursti og grilling.

### Opning av friluftslivets år

Vi følgde opp den nasjonale utfordringa og markerte opninga av året, fyrst med felles lunsj kring bålpanna ved Norsk fjordsenter.

I samarbeid med Eidsdal IL hadde vi arrangement på kvelden: I snøføyke og skikkeleg vintervør bles Eidsdal musikkorps om kapp med vinden på Løvoll: Skikafe, skileik, natursti, og til slutt overnatting i gamma i «Haugane» for dei tøffaste ungane. Dagen etter var det frukost på klubbhuset og direkte buss til skulen. I Geiranger vart opninga også markert med overnatting utandørs.

### Vinterleikveke

I vinterferien arrangerte vi vinterleikveke. Føremålet var å få fleire ut i verdsarvlandskapet, at dei skulle oppleve naturen og lære om naturen. I vinterleikveka hadde vi tre ulike naturstiar ståande ute, alle i attraktive skiområde:



Gaute Gneis leder an i rattkjelkeracet ned Ørnevegen ved innleiinga til Friluftslivets år.





Frå opptreden på Hellesyltdagane med Gaute Gneis & co.

Korsmyra/Haugset, Geiranger. Tema: Verdsarven i Noreg  
Løvoll, Eidsdal. Tema: Vestnorsk fjordlandskap  
Lilleås, Norddal. Tema: Verdsarven i verda

Av andre opplegg som inngjekk i denne veka nemner vi fellestur i Gråsteindalen, skileikdag på Løvoll med grilling og felles matøkt på klubbhuset, 10 turbøker lagt ut i området – trekking av premiar, aktivitetsdag og ope skitrekking på Lilleås.

### Staugale

Vi køyrde opplegget «Staugale» for femte året, og hadde denne gongen med Skarbø skule (for fyrste gong), Eidsdal skule og Liabygda skule. Dette opplegget er bygd opp i samarbeid med kunstnaren Ola Une Ferstad Liland, og er basert på bruk av hesjestaur som byggmateriale i nye installasjonar/ «kunstverk». I prosjektet får elevane undervisning om vår eigen verdsarv sett inn i eit globalt perspektiv, men like mykje er det praktisk, kreativt arbeid, samarbeid og refleksjon.

Opplegget vart køyrt som tidlegare, med workshop på kvar av skulane og kvar sine byggjedagar i Geiranger. Opninga av Staugale vart lagt til EL-busskonferansen, og fungerte som ein del av opninga av denne. Fylkesordførar Jon Aasen stod for opninga saman med elevane. Ved sida av presentasjon av eigne byggverk, stilte elevane med kvar sine kulturinnslag. I løpet av dagen fekk dei òg vere med på EL-busstur, prøve seg i eige «Fosseløp» og sjå utstillinga.

### Fosseløpet

Vi tenkjer at Fosseløpet skal bli ein årleg og vårleg tradisjon, og arrangert no for andre året i samarbeid med idrettslaga i bygdene våre. Deltakinga vart litt lita i år, truleg



Linda Flem, dagleg leiar i Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST) står for avdukinga av verdsarvplaketten på Storsæterfossen. Inge Gjerde og ordførar Tryggestad i bakgrunnen.

mest fordi arrangementet vart like etter at skulane slutta for sommaren.

### Skrivekonkurranse, teiknekonkurranse og fotokonkurranse

I jubileumsåret har vi hatt gåande tre konkurransar. Både skrivekonkurransen og teiknekonkurransen retta seg særskilt mot born og unge. Diverre kom det inn få bidrag, men mellom dei som deltok gjennomførte vi premieutdeling i samband med opning på Staugale.

Fotokonkurransen vert avslutta i januar 2016, men vi har motteke både foto og film i skrivande stund.

### Barneformidlingskonseptet FJORDHEIMEN

Dramatiseringa vår om Gaute Gneis har vore framført ved fleire høve. Den største førestellinga var på Sommardagane på Hellesylt. Der stilte vi med full besetning med åtte skodespelarar. Tre av desse var ungdommar som debuterte i rollene sine.

Elles har både Gaute Gneis og Lykle vore brukt kvar for seg eller i par ved fleire høve. Dette gjeld alt frå avdukingar av verdsarvplakettar, barnehagebesøk og besøk av UNESCO og Glacier Bay. Vi har òg opptreidd i samband med Disney cruise.



"Huldra" Thea Marie Ytterdal leda an for felejentene under plakettavduking på Storsæterfossen.

Nytt av året er at vi har prøvd ut Gaute Gneis som «stand up komikar» for ei firmagruppe, altså vaksne besøkande. Her prøvde vi oss på ei humoristisk tilnærming i formidlinga av verdsarven, og dette vart svært godt motteke.

### Realisering av profileringsartiklar knytt til Fjordheimen

**Regnponcho-Gaute Gneis** vart utvikla i samarbeid med Ålesund Oljeklede, og vart lansert våren 2015. Vi laga ein barnemodell med «Gaute Gneis-nunatakkar» på hetta, og ein vaksen modell med ordinær hette. Ponchoen har gneisstriper med innlagte refleksstriper, og vi synest det



Frå fagsamlinga for naturinformasjonssenter på roviltssenteret på Flå. Mating av revane.



Gaute Gneis introduserer ungdommane som stod for plakettavdukinga ved Ørnesvingen: f.v. Martinus Rønneberg, Eidsdal, Jenny Nystad, Norddal og Kristine Hole, Geiranger.



vart eit lekkert produkt som vi sel i vår eigen butikk i verd-sarvsenteret.

**Moder Mantel termos** vart òg lansert våren 2015. Ein barnetermos med designet av Moder Mantel og slagordet «varme kroppar når høge toppar».

**Fjordheimen fargeblyantar i eske** var klare til sesongstart, og var eit produkt vi laga for å selje saman med **Aktivitet-shefte Fjordheimen**. Sistnemnde er utvikla som eit gratis-produkt som skal vere knytt til eit konsept med «meny Fjordheimen», der vi òg ynskjer å selje inn verdsarvsenteret Norsk Fjordsenter.

**Utstillingsarbeid**

Hovudtyngda av formidlingsarbeidet vårt dette året har konsentrert seg om fornying av utstillinga vår. Den origina-le utstillinga ved Norsk Fjordsenter er i stor grad fokusert på kulturarven. Verdsarvstatusen vår gjev forplikingar om at vi må få fram dei verdiane som vert framheva i UNE-SCO-komiteen sitt vedtak og i søknadsdokumenta. Såleis må naturarven få større plass i utstillinga.



Frå prosjekt Staugale. Workshop på Eidsdal skule.



Byggjedag for Skarbø skule på prosjekt Staugale.



Kulturinnslag ved Skarbø skule på opninga av Staugale 2015.



Friluftscampen i Sunnylvn vart ei litt våt oppleving, men kjekt hadde vi det!

– vår fjordarv vår framtid





Padling på Nedstevatnet ved Flofjellsvegen under friluftscampen for born og unge.



Frå uttesting av elbussar under elbusseminaret i juni.



Vi har knytt til oss Torbjørn Nielsen som prosjektansvarleg for dette arbeidet. Han har tidlegare hatt ansvaret for m.a. oppbygginga av utstillinga Bjørneparken rovdysersenter på Flå, Norsk villreinsenter på Skinnarbu, informasjonssenter om klima og arktisk forskning på Svalbard.

#### Hovudmålet med utstillingsarbeidet er:

- Formidle og styrke forståinga for og kunnskapen om den eineståande universelle verdien (OUV) til Vestnorsk Fjordlandskap (VF).
- Oppgradere utstillinga slik at ho innfrir krava for å bli autorisert som verdsarvsenter for fjordarven VF

#### Delmål

- Forsterke og integrere fagområda kvartærgeologi, glasiologi og bergartsgeologi i eksisterande utstilling
- Forsterke og synleggjere det biologiske mangfaldet i området
- Tydleggjere kulturlandskapet som eit resultat av landbruket i fortid og notid
- Synleggjere arbeidet for ivaretaking og berekraftig utvikling av området
- Formidle kunnskap om verdsarven gjennom m.a. interaktivitet og nye opplevingar/ aktivitetar på ein slik måte at det bidreg til forståing for verdiane og ivaretek spekteret av besøkande.
- Tydleggjere skilja mellom dei ulike tema i utstillinga
- Bruke den fulle høgda i lokala til å streke under den dramatiske naturen i området
- Skape ein vakker og spanande kunnskapsarena

Geologidelen av utstillinga stod i hovudsak ferdig til sesongstart. I utstillinga nyttar vi sitat frå vedtaket i UNESCO saman med takhøge bilete på veggane for å synleggjere våre verdsarvverdier. Andre element i utstillinga er ein landskapsmodell, ei utstilling av dei vanlegaste bergartane og minerala i området vårt, og ein film om korleis ein fjord vert til.

Det vart òg utvikla 6 fordjupingsstasjonar med mykje stoff og bilete knytt til tema:

- Vestnorsk fjordlandskap
- Verdsarvlandskapet vert til
- Kallskaret naturreservat

- Klimaendringar, landskap og miljø
- Bergartar og mineral i Geirangerfjordområdet
- Opplev verdsarven

Hausten 2015 har vi arbeidd vidare med resten av utstillinga. Dette omfattar fornying av delar av hovudutstillinga, samt heilt nye utstillingar i kjellarlokala. Det vert heilt nye utstillingar knytt til tema biologisk mangfald, barnekonseptet Fjordheimen og Grøn fjord. Dels ny utstilling knytt til veghistoria og kulturlandskapet. Heile utstillinga stod ferdig til Grøn fjord konferansen i 2016.

#### Den naturlege skulesekken

Skuleåret 2014/2015 deltok vi i eit prosjekt i regi Den naturlege skulesekken, der vi hadde med oss skulane i Sunnlyven, Geiranger og Eidsdal. Skulane har arbeidd med kvar sine prosjekt, men under felles paraply «Eit steg mot sporlaus ferdsel».

Hausten 2014 hadde vi felles kompetanseheving knytt til geologien i verdsarvområdet, samt temaet klima og miljø. Atle Nesje frå Universitetet i Bergen var kurshaldar. Etter denne fellesdelen arbeidde skulane vidare kvar for seg. Geiranger skule har hatt litt ulike opplegg på kvart av hovudstega, men mykje har knytt seg til kulturlandskapet, og elevane har m.a. fylgd eit beiteprosjekt på Gjørva. Dei har òg vore med og rydda tre ulike kvier/plassar i bygda, og alle desse prosessane er presentert digitalt.

Dei yngste har vore i Flydalen, i eit av områda som mottek tilskotsmidlar for å ivareta artsmangfaldet. Her har dei vore med på slått og hesjing slik det vart gjort «i gamle dagar», og dei har lært om typiske artar i området.

Ungdomsskuleelevane har i tillegg gjennomført eit forskingsprosjekt der dei har undersøkt korleis lokalbefolkninga i Geiranger opplever bygda sommarstid. Her har dei knytt til seg Else Ragni Yttredal, Møreforskning, som mentor. Undersøkinga er svært interessant, både fordi svarprosenten er høg, og fordi dette er eit tema det vert synsa mykje om, men som ein tidlegare ikkje har undersøkt.

Elevane på Sunnlyven skule har knytt sitt prosjekt til husmannsplassen Kurlå, og dei har m.a. delteke i ryddingsarbeid kring plassen der Storfjordens Venner no driv eitt av sine restaureringsprosjekt. I tillegg arbeider dei med å finne informasjon om plassen og livet der. Denne kunnskapen er tenkt til eit skilt på området. I dette området finst det òg to andre plassar; Åseneset og Bergane. Elevane undersøker òg nærmare kring desse plassane, og vil få opp skilt også om dei. Tanken er å bruke same type skilt som elles i verdsarvområdet.



På Eidsdal skule har hovudfokus lege på resirkulering og gjenbruk. Skulen gjennomførte mange prosjekt, og oppsummerte arbeidet sitt på tampen av skuleåret 14/15 i skuleavisa si, «Blink», som for høvet fekk namnet «Verdsarvblink». Dei yngste elevane hadde m.a. eit opplegg kalla «frå ull til tråd» der dei såg på heile ressursutnyttinga. Her var dei òg på sæterbesøk, lærte å karde og spinne, og fekk vere med på plantefarging.

Mellomsteget arbeidde mykje med energiforbruk og gjenvinning, og dei undersøkte m.a. energiforbruket i eigne heimar, hadde spørjeundersøking om miljømedvit i bygdene Norddal og Eidsdal, såg på korleis bøndene handterte avfallet sitt, og besøkte Årim for å sjå på kva som skjedde med avfallet vidare. Dei laga òg musikk med materialar som kan gjenninnast, og nummeret vart m.a. framført på opninga av Staugale.

På ungdomssteget hadde dei m.a. eit prosjekt kalla «Green Nelly», dette i samarbeid med Stiftinga Severinbrauta. Her fekk gruppa i valfaget «design og re-design» vere modellar



På Gründercamp vart det presentert framlegg til nye produkt til kafeen på Fjordsenteret.

når dei gjenbrakte gamle klede frå Severinbrauta og laga ei eiga «moteframsyning» med fokus på gjenbruk. Prosjektet vart gjennomført saman med profesjonell designar og fotograf.

Det vert for omfattande å trekke fram alle delprosjekta, men resultatet av arbeidet vert òg presentert som utstilling under Grøn fjord konferansen i 2016.

### 3.2. Gründercamp

Hausten 2015 hadde vi ansvar for ei elevgruppe i samband med Norddal kommune sin «gründercamp». Gruppa arbeidde med framlegg til meny i kafeen vår, og hadde som oppgåve at menyen skulle koplast til sjølve verdsarven, eller til eit av prosjekta våre. Det var denne gongen berre 8.-9. klassingar som var med på campen. Vår gruppe gjorde ein flott innsats og oppnådde ein 3. plass i konkurransen.

I samband med dette, bør det òg framhevast at Gaute Gneis regnponchoen som vi lanserte i vår, opphavleg var ein ide frå gründercampen for nokre år sidan.

### 3.3. Skilting og merking

Arbeidet vårt med skilting og merking i verdsarvkommuane har helde fram også dette året, men grunna høgt fokus på utstillingsarbeid, har vi hatt mindre trykk på produksjon av informasjonsskilt. Dette året er det særleg i bygda Valldal ein har fått opp mange pilskilt til hjelp for turgåarane. Det vart og utvikla bygdenært turkart for Valldal.

I 2015 mottok vi kr. 586.643 i friske skiltingsmidlar frå Gjensidigefondet, desse vil bli realisert i 2016.

### 3.4. FoU

I løpet av 2015 knytte vi tettare kontakt med Universitetet i Bergen, representert ved Atle Nesje og Henriette Linge. Henriette deltok òg på delar av Glacier Bay besøket i august, og allereie denne hausten fekk ho sendt inn ein søknad til Forskingsrådet knytt til datering av ulike delar av fjordlandskapet. Det vart avslag på søknaden, men arbeidet syner at det framleis er mykje vi ikkje veit om korleis verdsarvlandskapet vart til. Vi ser eit stort potensiale i samarbeid med Bergensmiljøet vidare, og partane har ynskje om å inngå ein intensjonsavtale.

Stiftinga har og delteke på fleire FoU søknadar og forskar-seminar saman med NTNU, Møreforskning og Bioforsk, utan å få tilslag i 2015. Dette som ei konkret oppfølging av FoU Strategien for Vestnorsk fjordlandskap som vart fullført våren 2015.





Stabburet i Møllstunet vart ferdig restaurert i 2015.

### 3.5. Restaurering

Arbeidet med istandsetjing av stabburet på Møll vart fullført hausten 2015. Verdsarvstiftinga tok på seg eit økonomisk ansvar i dette arbeidet og fylgde det såleis tett. Arbeidet vart utført av Stiftinga Husasnotra på Nordmøre, og i stor grad utført av næmingar som ein del av deira utdanningsløp.

Grunneigarane i Møllstunet er svært godt nøgde med resultatet, og har klare planar for bruk av stabburet i ein formidlingssamanheng vidare.

Vi greidde heller ikkje i år å bli ferdige med istandsetjing av Ljøkaia, men vi har fått innvilga at midlane frå fylkeskommunen vert overført til 2016. Då må prosjektet fullførast. Dette prosjektet skal ut på anbod, og i meldingsåret har vi gjennomført ein del grunnlagsarbeid for dette med synfaringar saman med:

- Entreprenør for å ta mål og berekne areal/omfang av arbeidet
- Konsulent for å vurdere botnforholda
- Dykkarar for å sjå ytterlegare på botn, men særleg på omfanget av skadane på kaia.



Lansering av konseptet "Fjord Guardians" på Stranda vidaregåande skule.



Aktivitet for å halde varmen på Friluftscamp.

### 3.6. Naturvenleg tilrettelegging

I 2015 har vi hatt gåande fire prosjekt. Dei fleste av desse er det verneområdestyret som har hatt hovudansvaret for. Fullføring steinsetjing Storsæterfossen-råsa. I sommar gjorde ein ferdig den siste dele av råsa opp til Storsæterfossen. Arbeidet vart utført av Eidsdal Bygdesørvis. Likeeins vart råsa ned under fossen steinsett og det vart utført sikringsarbeid der. Arbeidet gjekk i regi verneområdestyret.

**Hyskjet.** Fyrste del av råsa har vore våt og gjørmete, og i tillegg var det behov for litt enklare tilretteleggingsarbeid lenger ut mot naturreservatet. Arbeidet vart også her gjort i regi verneområdestyret. Valldal Bygdesørvis gjorde jobben. Råsa er prioritert fordi ho går til eitt av dei to naturreservata våre, og fordi det er ein av dei lettaste turane i området.

**Kallskarråsa.** Det vart starta arbeid med kallskarråsa, den delen som går frå Herdalsosen langs Herdalsvatnet. Utførande firma var Selboskar og Relling. Vi deltok her på fleire synfaringar og drøftingar kring kva som burde gjerast, men verneområdestyret hadde ansvaret for pros-



Fellestur i Gråsteindalen i samband med Vinterleikveka.



jektet. Det er søkt meir midlar her då ein vurderer at det bør gjerast ytterlegare tilrettelegging.

Råsa er prioritert fordi ho går til eitt av dei to naturreservata våre, og særleg fordi verdiane i reservatet er knytt til geologien.

**Mørkja, øvste delen.** Grunneigarane bad om omlegging av råsa frå garden Vesterås og det fyrste stykket ned Mørkja. Dette fordi dei ynskte å ta i bruk opphavleg trase, og fordi det var nokre interessekonflikter knytt til traseen slik han har vore nytta siste åra. Omlegginga førte til at det vart svært glatt og sleipt i «ny» trase, og vi såg behovet for tiltak. Eidsdal Bygdesørviss vart engasjert til å ta dette oppdraget.

### 3.7 Samarbeid med Storfjordens Venner

Vi har også siste året stilt inntil 40% stilling til rådvælde for Storfjordens Venner. Dette har i hovudsak vore lagt til formidlingsleiar. Storfjordens venner har i 2015 hatt 40-års jubileum, og av arbeidet vi har delteke i, nemner vi:

Planlegging, gjennomføring og etterarbeid styremøte

- Drøftingsmøte med fylkeskommunen
- Planlegging og gjennomføring av jubileumsstemnet på Hellesylt (Kurlå)
- Planlegging og gjennomføring av Friluftscamp på Åseneset
- Planlegging og oppfølging av arbeid med turkort «Til gards med Storfjordens Venner»
- Planlegging og gjennomføring av fellesturane-5 turar i mai-september.
- Planlegging og gjennomføring av jubileumsfesten i Geiranger i september
- Styreseminar i november på Hellesylt



Jostein Sande orienterer om drifta på Herdalssetra og ivaretakinga av kulturlandskapet under besøket frå Unesco/Glacier Bay.

### 3.8 Diverse oppåver

#### Friluftscamp på Hellesylt

Også denne hausten gjennomførte vi friluftscamp, og denne gongen la vi det til Sunnylvn. Kring 20 born deltok i eit vêt som må karakteriserast som heller tøft: Mykje regn og snø ned i fjella. Men vi gjennomførte to dagar med leikar, matlaging ute, natursti, kunnskapsformidling og overnatting i lavvo. Søndagen letna vêret litt, og vi hadde ein flott tur over Flofjellet, der også ein del foreldre var med. Mange gode tilbakemeldingar frå både små og store!

#### Utstillingsarbeid – felles verdsarvutstilling

Det har i år vore arbeidd med ei felles utstilling for dei norske verdsarvstadane. Arbeidet har gått i regi av Norges Verdensarv, og John Bryde har vore prosjektleiar. Vår formidlingsleiar, Merete, har delteke på tre samlingar i vårhalvåret der det vart arbeidd med innhald og idear til utforming.



Eidsdal Bygdesøvis utbeta råsa opp til Vesterås som eit hastetiltak hausten 2015.

#### Kompetanseheving og dialogmøte

Vi har dette året delteke på:

- Samling for naturinformasjonssenter på Flå. Roviltsenteret.
- Dialogmøte for frivillig sektor i Møre og Romsdal. Regi fylkeskommunen.
- Møte i eige fagleg rådgjevande utval.
- Møte i rådgjevande utval for verneområdestyret.
- Kurs i digitalisering av turar.
- Workshops om besøksforvaltning.
- Verdsarvforum. Gardermoen i mai.
- Åkneskonferansen. Geiranger i august.
- Tankesmie kring formidlingsarbeidet Severinbrauta.

Utanom dette har vi gjennomført eit eige kompetansehevingskurs for eigne tilsette. Vi har elles helde fleire foredrag og hatt nokre undervisningsopplegg med skulane. Merete hadde m.a. innlegg på Friluftskonferansen på Åndalsnes, der vi òg deltok på heile konferansen.

#### Foto- og kunstutstilling i «Spissen»

Sist sommar tok vi igjen i bruk spissen på Norsk Fjord-senter som utstillingslokale. Fyrste utstillar var Finn Magne Grande som stilte ut 12 fantastiske kunstfotografi frå naturen ved Geirangerfjorden.

Hausten 2015 har den lokale kunstnaren Ola Une Ferstad Liland stilt ut sine arbeid.



Teamet i Verdsarvstiftinga hadde strategisamling i Aurland.



### Innkjøp nytt utstyr til kinosalen

Vi gjennomførte i haust anbuds konkurranse på utstyr til kinosalen. Dette gjalt nye projektorar og nytt lerret. Det gamle utstyret har helde godt, men det er sårbart og teknologien er forelda. Vi har òg behov for å kunne bruke utstyret meir fleksibelt, og m.a. presentere fullverdige produkt innafør film.

Vi har arbeidd tett med Møre og Romsdal fylkeskommune si innkjøpsavdeling i denne prosessen, og er svært takksame for deira bistand. Anbudsprosessen er avslutta, og nytt utstyr vart ferdig montert i god tid til Grøn fjord konferansen.

3C Technology vann anbudet når det gjeld projektorar, og Bright Norway når det gjeld lerret.

### 3.9. Grøn fjord 2020

Ved sidan av våre mange formidlingsaktivitetar i 2015, så er Grøn fjord prosjektet verdsarvstiftinga si største enkelt-satsing i meldingsåret.

Vi omtaler nærare dei delprosjekta med størst arbeidsinnsats frå verdsarvstiftinga i 2015:

#### ELBUSS seminar og uttesting

I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune arrangerte vi eit fagseminar om elektriske bussar i Geiranger. Det nyaste innan teknologien vart presentert og forskarmiljø på batteriteknologi vart utfordra, det same vart dei største bussprodusentane i Norge/Norden. I samband med seminaret vart det gjennomført ein test av 2 elektriske bussar på strekninga Geiranger – Dalsnibba



Frå kick-off Fjord Guardians på Norsk Fjordsenter.

1500 moh. Den eine bussen kom heilt frå Hamburg og var ein bybuss i drift der nede, medan den andre kom for eiga maskin på utlån frå Stavanger. Ebusco og Eurabus var svært sporty som stilte opp i denne testen. Testen viste at det er fullt mogeleg å nytte elektriske bussar i Geiranger i kommersiell drift, men bussane treng noko «skreddarsyning» knytt til turbilsegmentet og det tøffe, alpine terrenget som vi har. Bussen som hadde hatt ei prøveperiode i Norge tidlegare gjorde det betre, spesielt i nedoverbakke, enn bybussen frå Hamburg.

#### Norsk Fjordsenter Ladepark

I august 2015 stod Norsk Fjordsenter Ladepark klar for uttesting i samband med ELbilforeningens store samling i Geiranger. Om lag 60 elbilar kunne under arrangementet få lading gjennom den nye ladeparken. Dette betyr at Geiranger som har lange tradisjonar for å arrangere biltreff, no også kan tilby biltreff for elektriske bilar. Elbilforeninga arrangerte mellom anna eit Elbil Rally frå Geiranger til Dalsnibba. Frå arrangementet vart det laga ein fantastisk film som viser ei flott og spenstig satsing. Med sine 37 permanente ladepunkt, er Norsk Fjordsenter Ladepark den største i sin region. Fleire bidrog økonomisk inn i realiseringa av ladeparken: Nissan Nordic donerte ein hurtigladar saman med WV, Renault Norge ein semiladar og andre gav økonomisk bistand som M&R fylkeskommune, Stranda kommune, Sparebanken Møre, Økonsult og verdsarvstiftinga. Norsk Fjordsenter AS stod ansvarleg for utbygginga.



Fylkesordfører Jon Aasen stod for opninga av Elbusseminaret.

### Nominasjon

Dette er året då Grøn fjord arbeidet vart nominert til Nordisk Miljøpris 2015. Nominasjonen var ei stor verdsetjing av arbeidet som vert lagt ned i satsinga, og sjølv om ein ikkje nådde opp i konkurransen, så gav det stor inspirasjon til å fortsette det gode, «grøne» arbeidet.

### Miljøsertifisering av Grøn fjord partnarar

Hausten 2015 starta vi opp eit mobiliseringsarbeid for å få mange Grøn fjord partnarar miljøsertifisert. Ordninga Miljøfyrtårn vart vald ut og heile 20 bedrifter melde si interesse. Grøn fjord dekkja konsulentarbeidet til bedriftene og samkøyrt samlingane. Målet var å få flest mogeleg av partnarane sertifisert innan Grøn fjord konferansen vinteren 2016. Prosessen medførte også at Stranda kommune valde å kurse/utdanne eigen sertifisør, noko som er svært positivt og besparande for kommunen og kommande sertifiseringar.

### Glacier Bay og UNESCO

I samband med at verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap har delteke i eit marint nettverk i regi av UNESCO sidan 2010, har vi knytt kontakt og band til fjordlandskapet Glacier Bay i Alaska. Sommaren 2015 klaffa det endeleg at vi kunne invitere ein liten delegasjon på 2 stk frå Alaska og 1 person, samt eit filmteam, frå UNESCO. Målet var erfaringsutveksling, deling av beste praksis og nærare samtalar kring eit potensielt tvilling – samarbeid mellom desse verdsarvfjordane. Delegasjonen besøkte både Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i over ei veke og programmet var heftig. I løpet av besøket fekk dei oppleve verdsarvområdet i vid forstand, dei deltok på våre 10 års markeringar, på møte i Verdsarvrådet, på forskarseminar og i egne møter om cruiseturisme og besøksforvaltning. I løpet av besøket vart det heilt klart for oss at vi har mykje å lære av kvarandre. For vår del, så var det spesielt deira modell for fjordforvaltninga som vekte størst interesse. Denne modellen har vi sidan kalla «Glacier Bay Modellen» og har danna grunnlag for at Verdsarvrådet har bede om ei offentlig utgreiing av modellen. Vi har og utarbeidd ei prosjektskisse om modellen som er oversendt departementet i saka. For Glacier Bay sitt vedkommande så var dei svært interessert i Grøn fjord samarbeidet og ville ta med seg inspirasjon frå dette arbeidet inn i sitt arbeid framover. Det er vedtatt å utnemne ein delegasjon frå Vestnorsk fjordlandskap som skal gjennomføre ein studietur til Glacier Bay i Alaska sommaren 2016, dette for å lære meir om «Glacier Bay Modellen» i praksis.



Padling og bading på Nedstevatnet ved Flofjellsvegen.



Elbilrally til Dalsnibba.



Gruppa som arbeidde med Fjord Guardians konseptet vann 3. premie i klassa for beste logo under Fylkesmessa for ungdomsbedrifter.





Staugalne elevar på elbusstur på Flydalsjuve.



Fanny Douvere, koordinator for Unesco sitt marine program, avduka verdsarvplaketten i Fossevandringa. Ordførar Tryggestad t.v.

– vår fjordarv vår framtid





Verdsarvbygda Geiranger omkransa av det mektige fjordlandskapet.





Frå elbilrally til Dalnibba.

*– vår fjordarv vår framtid*



### FoU samarbeid luftforskning

Mot slutten av året inngjekk verdsarvstiftinga eit nytt forskingssamarbeid med Universitetet i Bonn og professor Løfler. Løfler har drive med klimaforskning i fjellheimen her i over 20 år, og vi fekk kontakt med han i samband med at vi arrangerte eit forskarseminar under UNESCO – og Glacier Bay besøket. Løfler viste seg å vere svært interessert i Grøn fjord problemstillingane og kom opp med ein idé om å utvikle eit langsiktig Air Quality Monitoring Programme. Verdsarvstiftinga er første instans som vert invitert inn i samarbeidet, der vi er sikra ei objektiv måling av luftkvaliteten på 3 ulike nivå i Geiranger dei neste 30 åra. Måleutstyret vil tilhøyre Geiranger og sikre oss ei objektiv overvaking av luftkvaliteten i bygda. Dette har vore etterlyst i lengre tid og kjem no endeleg på plass i 2016. Det kan og verte aktuelt å invitere inn andre partnerar i prosjektet etter kvart. I tillegg til 3 permanente målestasjonar i Geiranger, så får vi og tilgang til ein mobil stasjon som kan nyttast til undervisningsfremål til skular.

### Fjord Guardians – vertskap/miljøagent

Stiftinga starta opp prosjektet Fjord Guardians hausten 2015. I samarbeid med ei entreprenørskapsgruppe ved Stranda vidaregåande skule fekk elevane i oppdrag å utvikle ei ny vertskaps- og miljøagentrolle i verdsarvområdet. Oppdraget vart definert som følgjer:

1. Utvikle eit innhald for funksjonen/rolla som «Fjord Guardians» skal ha i verdsarvområdet, visualisert gjennom utvikling av eit konsept (design, bekledning/uniformering, verkty, manus m.m.).
2. Utvikle ein driftsmodell for konseptet
3. Utvikling av eit innhald i konseptet




Eit filmteam fylgde heile besøket frå Unesco og Glacier Bay.

Oppgåvene skulle løysast gjennom visualisering av konseptet som ein del av utstillinga på verdsarvsenteret.

Stiftinga arrangerte ei «kick off» samling i Geiranger, samt deltok på møter med skuleleiinga vedrørande prosjektet i forkant av oppstarten.

Elevane danna så ei ungdomsbedrift med namnet Grøn fjord UB og utvikla ein forretningsplan for konseptet. Dei utvikla ein eigen logo og eit design knytt til konseptet, samt ein messemodul som dei nytta i konkurransen. Dei fekk sjølvstilt ei viss friheit til å tenkje nytt og komme med nye kreative løysingar som ein del av oppgåva. Gruppen deltok på fylkesmønstringa med konseptet og mottok der ein verdig 3. plass. Konseptet må vidareutviklast og foredlast av verdsarvstiftinga før ein kan nytte det i praktisk drift ved senteret og ute i verdsarvområdet. Grøn fjord UB fekk fleire medieomtalar i lokalavisa og på sosiale medier.

Vi er overtydd om at Grøn fjord vil skape nyhende og nybrottsarbeid i åra fram mot 2020 og vi ønskjer nye og gamle samarbeidspartnarar velkommen som partner!



Unesco og Glacier Bay delegasjonen vitja også søsterområdet vårt i Nærøyfjorden.





I samband med plakettavdukinga i Fossevandringa, fekk barnehagane i området vårt utdelt Gaute-Gneis regnponchoar. Utdelar var Willy J. Lofheim, styreleiar i verdsarvstiftinga.



Ungdomsbedrifta Fjord Guardians, Stranda vgs. saman med Katrin Blomvik og Merete Løvoll Rønneberg.

– vår fjordarv vår framtid



VERDSARV  
Geirangerfjorden



Frå opning av kunstutstilling på Norsk Fjordsenter og intimkonsert og "ope hus". Utstillar var Finn Magne Grande.

## 4 Drift / administrasjon

Stiftinga hadde i løpet av 2015 5 tilsette, i tillegg til prosjektengasjement/sesongtilsette. Alle kvinner. I desember vart det tilsett ny økonomisjef, ein mann.

Ved nyttilsetjingar prioriterer stiftinga formelle og reelle kvalifikasjonar, men ynskjer å arbeide for eit balansert forhold mellom kvinner og menn i administrasjonen, på same måten som ynskjer variasjon i alder, geografi, sosial bakgrunn og fagprofil. Styret består av 2 kvinner og 3 menn.

Stiftinga er tilknytt offentleg tenestepensjon gjennom avtale med KLP.

Stiftinga hadde lite sjukefråver i 2015. Ingen skader eller ulykker registrert i samband med arbeidsplassen i 2015.

Verksemda til Geirangerfjorden Verdsarv er i hovudsak vanleg kontordrift- og formidlingsaktivitet. Det vert ikkje driven verksemd som forureiner det ytre miljø. Stiftinga vart i 2014 miljøfyrtårnsertifisert. Stiftinga ynskjer å verte eit førebilete på miljøvenleg drift.

### Prosjekt Bærekraftig Reisemål

Stiftinga støttar prosessen vedrørende arbeidet med å søke merket for Bærekraftig Destinasjon utstedt av Innovasjon Norge. Stiftinga stiller med både eigenkapital i prosjektet og arbeidskraft ved at driftsleiar er prosjektleiar i arbeidet. Arbeidet vart på haustparten sett på vent etter som det har vore uklart vedrørende framtidig organisering av destinasjonsselskapet.

### Tekniske kontrollar på huset

#### Brann

Flo Brannsikring er brannvernleiar for bygget og vil saman med stiftinga og eigedomsselskapet følgje opp manglar og rutiner vedrørende brann. Programvaren Hydradoc vert nytta for å sikre at arbeidet etter gjeldande foreskrifter vert følgde opp og gjennomført i rett tid.

Det vart gjennomført ei brannøving i 2015.

Flo Brannsikring utførte 1 inspeksjon i 2015.

Ålesund Brannvesen utførte 1 inspeksjon i 2015.

#### Skjenkekontroll:

Fjordsenteret hadde 2 kontrollar, den eine utan merknader, den andre har vi ikkje fått rapport på.



**Mattilsynet:**

Det vart utført ein inspeksjon frå Mattilsynet i 2015, ingen merknader.

**Sal og marknad:**

Norsk Fjordsenter hadde totalt 24 986 betalande besøkande i 2015 (inkl familiebillett) Dette er ein nedgang med 3 640 gjestar. Nedgangen gjeld cruise, i dei andre segmenta har vi auke.

Våre største kundar i 2015:

- Nordic Cruise Services: 2 070 (10 366 gjestar i 2014)
- European Cruise Service: 11 236 (9 725 gjestar i 2014)
- Norway Cruise Handling: 2 159 (549 gjestar i 2014)
- Nordic Gateway (ny operatør): 982
- Div mindre cruise operatørar: 288 (251 gjestar i 2014)


**Diverse grupper**

1 269 mot 1 075 gjestar i 2014

**Individuelle**

6 990 mot 6 325 gjestar i 2014

Besøk av skular og barnehagar er om lag uendra.

**Oversikt marknad 2015**

- Cruise utgjør 67 %
- Bussgrupper utgjør 5 % (inkluderer også firma-arrangement)
- Individuelle utgjør 28 % (av desse også individuelle cruiseturistar)

**Visning og pressegrupper**

I 2015 vart Norsk Fjordsenter besøkt av grupper i regi av DGT, Fjord Norge og Innovasjon Norge. Men ettersom senteret var stengt dei fyrste 4 månadane grunna ombygging, vart det færre slike besøk enn tidlegare.

**Butikk**

Vi har hatt ei auke i butikksalet i 2015 på 9,6 %.

**Kafe**

I kafeen har vi auka omsetninga frå kr. 20,- per betalande gjest til kr. 25,- per gjest. Auke totalt på 2.9 %.

**Marknadsaktiviteter 2015**

I juni 2015 starta vi eit samarbeid med Cruise Pass Norge, dette er eit fordelskort til cruisepassasjerer som vi forventer vil auke salet til individuelle cruise passasjerer i åra framover. 2015 var prøveår og lanseringa skjer for fullt i 2016.

På slutten av året gjekk vi inn avtale med City-sightseeing om fast stopp ved Norsk Fjordsenter. Denne avtalen vil tre i kraft frå sesongstart 2016 og vil vonleg gje oss auka trafikk.

**Andre marknadsaktivitetar:**

- Juni: workshop London representert av DGT
- Workshop København representert ved DGT
- Kundetur i november der dei største cruise-operatørane i Oslo og Bergen vart besøkt.



Gaute Gneis regnponcho er god å ha i Fossevandringa når storfossen verkeleg brøler.



## 5 Andre oppgåver

Stiftinga har fungert som hovudsekretariat for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap i 2015, med ansvar for å organisere og samle Verdsarvrådet. Rådet hadde 2 møte i 2015. Stiftinga la ned ein stor arbeidsinnsats i samband med besøket frå UNESCO og Glacier Bay, noko som òg kravde store ressursar og budsjettprioriteringar i 2015.

Stiftinga hadde si strategisamling i Nærøyfjordområdet dette året. Vi inviterte med oss Nærøyfjorden Verdsarvpark, som dessverre ikkje hadde høve til å delta denne gongen.

Stiftinga har delteke i eit omfattande arbeid i prosjektgruppa for utbygging av Norsk Fjordsenter saman med eigedomsselskapet og prosjekteringsgruppa. Arbeidet vart ferdigstilt i juni 2015.



## 6 Vidare drift og disponering av resultat


Vidare drift er lagt til grunn for rekneskapen 2015. Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilde av utvikling, resultat og stilling for Geirangerfjorden Verdsarv. Tala er i 1000 kroner.


	2012	2013	2014	2015
<b>Driftsinntekter</b>	8.633	10.055	10.590	10.571
<b>Resultat</b>	199	128	97	68
<b>Eigenkapital</b>	2.559	2.687	2.784	2.852


Sum driftsinntekter inkluderer offentlege tilskot.


Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har eit årsoverskot på kr. 68.590, som går til styrking av eigekapitalen.


Geiranger, 02.06.2016


  
Willy J. Loftheim, styreleiar

  
Jan Ove Tryggestad, nestleiar

  
Arne Sandnes, styremedlem

  
Kristin Krohn Devold, styremedlem

  
Siv Aksdal, styremedlem

  
Katrin Blomvik, direktør

## 7 Rekneskap

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar
- Revisjonsmelding





Elbilrallyet passerer "Knuten". Juni 2015.



VERDSARV  
Geirangerfjorden

*– vår fjordarv vår framtid*